

Fra: Nils Marton Aadland
Sendt: 17. november 2014 11:28
Til: oddmund.sylta@skyss.no; mvs@skyss.no
Kopi: Postmottak Meland
Emne: Tiltak som kan gjere snøggbåtsambandet enda meir attraktiv

Hei!

Det er svært hyggjeleg at stadig fleire nyttar snøggbåtsambandet mellom Knarvik – Frekhaug og Bergen. Vi er kjent med at det var om lag 10.000 reisande på dette sambandet i september, noko som er ei kraftig auke i høve månadane før sommarferien. Vi trur det er potensiale for endå fleire reisande dersom tilhøva blir lagt betre til rette for det. Det er no ei utfordring med parkeringskapasiteten på Frekhaug kai. Meland kommune arbeider for å betre parkeringskapasiteten i området, men det er lite eigna areal til dette føremålet.

I forkant av etableringa av snøggbåtsambandet blei det vurdert å oppretta bussruter mellom dei større bustadområda i kommunen og Frekhaug kai knytt til snøggbåten sine anløp.

Vi trur at eit slikt tilbod vil få fleire til å nytta snøggbåtsambandet, og vi ønskjer eit møte med Skyss for å drøfte dette og andre tiltak som kan gjere snøggbåtsambandet enda meir attraktivt for dei reisande. Vi ser fram til ein god dialog om dette.

Med venleg helsing

Nils Marton Aadland

Ordførar

Tlf: 56 17 10 25 / 922 71 050

E-post: Nils.Marton.Aadland@Meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)